



## Kinn kommune

### REGLEMENT FOR PRAKTISERING AV FRIKJØPSORDNINGA

Godkjent av kommunestyret i Kinn i sak.... den.... 2024

heimla i føresegnene til kommunedelplanen(sentrumsplanen) for Florø sentrum(2.11) vedteken 02.10.2018 og kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy(2.10) vedtatt 16.6.2022.

Felles parkeringsordning – frikjøpsordning:

Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av parkeringsplassar på eigen grunn eller fellesareal, vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass til kommunen for bygging av felles parkeringsanlegg i medhald av PBL § 28-7. Satsen for frikjøp av parkeringsplassar vert fastlagt i samband med årsbudsjettet. Prisen justerast i samband med årleg fastsetting av kommunale avgifter og gebyr. Innbetalt beløp kan berre nyttast til opparbeiding av offentlege parkeringsanlegg.

#### § 1-1. Føremål

Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller fellesareal blir betalt eit beløp per manglande parkeringsplass til kommunen for bygging av offentlege parkeringsanlegg.

Frikjøpsordninga gjev ikkje eksklusiv bruksrett til parkeringsplass.

#### § 1-2. Verkeområde

Reglementet gjeld alle som får saker handsama innanfor verkeområdet til gjeldande kommuneplan/kommunedelplan for Kinn kommune og PBL § 28-7.

#### § 1-3. Frikjøpsbeløp

Sats for frikjøp av parkeringsplass som til ei kvar tid gjeld vert fastsett av Kommunestyret. Kommunestyret vedtok i møte den 12.12.2023 at frikjøpsbeløpet skal settast til kr 258 143 per manglande parkeringsplass for 2024.

Prisen skal regulerast kvart år pr. 1. januar i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for bustadblokk – grunnarbeid. <https://www.ssb.no/statbank/table/08655>

#### § 1-4. Tidspunkt for utrekning

Beløpet for frikjøp av parkeringsplass reknast ut frå gjeldande reglement på det tidspunktet fullstendig byggesøknad/rammeløyve er innregistrert i kommunen.

#### § 1-5. Tidspunkt for betaling

Faktura for 10 % av fastsatt beløp sendes ved tildeling av byggetillatelse. Resterende beløp faktureres ved innvilgelse av brukstillatelse eller ferdigattest.

#### § 1-6. Parkeringsfond

Innbetalt frikjøpsbeløp tilføres i sin heilskap til eit kommunalt parkeringsfond. Renter av fondet godskrivas parkeringsfondet. Fondet skal brukast til utvikling og etablering av nye offentlege parkeringsanlegg i Kinn kommune. Parkeringsplassar som blir opparbeidd ved hjelp av parkeringsfondet skal vere opne for alle.

#### **§ 1-7. Ikraftsetjing**

Reglementet tek til å gjelde frå den tid det er godkjent av Kommunestyret.

Utarbeidd 16.8.2024